



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Nasjonal jordvernpris 2023 - forslag til kandidat frå Møre og Romsdal

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil takke Landbruks- og matdepartementet for eit positivt oppdrag med å føreslå kandidatar til nasjonal jordvernpris. Dette bidreg til å auke fokuset på arbeidet med eit sterkare jordvern. Jordvernprisen tydeleggjer også at det er kommunane som er den viktigaste myndigheita til å følgje opp den nasjonale jordvernstrategien og målet om redusert omdisponering av matjord.

Statsforvaltaren vil føreslå Møre og Romsdal fylkeskommune som kandidat til nasjonal jordvernpris.

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok 12. desember 2022 *Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026*. Det overordna målet er eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile fylket, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar.

Fylkesstrategi for landbruk inneheld seks resultatmål for sentrale innsatsområde framover:

1. Auke verdiskapinga frå landbruket i Møre og Romsdal
2. Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning
3. Auke verdiskapinga frå foredling av landbruksråvarer frå Møre og Romsdal
4. Auke kompetansenivået og innovasjonstakta i landbruksnæring og forvaltning
5. Landbruket skal redusere sine miljø- og klimautslepp, og ta vare på miljøverdiar i landskap og jordsmonn
6. Fleire og betre forretningsidear med gardsbruket som utgangspunkt og nye marknader som mål

Tilhøyrande strategiar for korleis desse måla skal nåast er skildra i strategidokumentet.

Under resultatmål nr. 2 om å *Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning* er det vedteke følgjande strategiar for å nå målet;



2.1 Arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som sikrar at dyrka jorda vert vedlikehalden gjennom aktiv bruk

- a. Sørge for at maksimalt 100 dekar dyrka jord vert omdisponert til andre formål kvart år
- b. Styrke kommunal landbruksforvaltning sitt arbeid med langsiktige avtalar for leigejord og handheving av driveplikta
- c. Arbeide for arealnøytralitet som prinsipp i arealplanar: Dersom jord eller skog blir bygd ned, skal det erstattast med nydyrka jord eller skogplanting
- d. Fortetting av allereie nedbygd areal skal alltid vurderast før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord

Tidlegare jordvernmål i Møre og Romsdal har vore på 200 dekar i året, og dette målet har vore nådd dei siste åra. At fylkestinget har vedteke eit nytt og skjerp regionalt jordvernmål, bidreg til å styrke arbeidet og innsatsen for å redusere nedbygging av matjord i kommunane ytterlegare.

	Dyrka jord									
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
15 Møre og Romsdal	334	463	403	254	602	183	167	113	141	195

Ut i frå dette vil Statsforvaltaren føreslå Møre og Romsdal fylkeskommune som Møre og Romsdal sin kandidat til nasjonal jordvernpris.

For meir informasjon om *Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026* vil vi vise til nyheitssak på vår [heimeside](#).

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
direktør

Tormod Meisingset
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Landbruksdirektoratet

Postboks 56

7701

STEINKJER